

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep.
0030 Oslo

Kopi: Helsedirektoratet

Vår ref.: 2025/27

Dykkar ref.: 25/3321-

Dato: 31.12.2025

Evaluering av bioteknologilova - genetiske undersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrse

Me viser til førespurnad motteken 15. september 2025 om å supplere Bioteknologirådet si evaluering av bioteknologilova med ei vurdering av lova sine reglar for genetiske laboratorieundersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrse (§ 5-1 c og § 5-2).

Som del av evalueringa av bioteknologilova har Bioteknologirådet tidlegare drøfta kapittel 5 og genetiske undersøkingar av fødde, men då i hovudsak i kontekst av genetiske undersøkingar gjort til medisinske formål med diagnostiske eller behandlingmessige siktemål. Denne fråsegna er ei supplerings til Bioteknologirådet si tidlegare evaluering av bioteknologilova, spesifikt om reglar for bruk av genetiske laboratorieundersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrse utan medisinsk formål.

Bioteknologirådet behandla saka i rådsmøte 30. oktober og 10. desember 2025.

1 Oppsummering av Bioteknologirådet sine tilrådingar

Nyleg har fleire internasjonale idrettsforbund innført krav om genetisk testing for SRY-genet, som normalt sit på Y-kromosomet, av idrettsutøvarar som ønsker å stille i kvinneklassa i større internasjonale meisterskap. Slike undersøkingar er i dag forbode i Noreg, noko som har ført til at norske idrettsutøvarar må reise til utlandet for å gjennomføre dei genetiske undersøkingane.

Bioteknologirådet vurderer derfor bioteknologilova § 5-1 c og § 5-2, og i kva grad bruk av genetiske laboratorieundersøkingar for å fastslå kjønnsstilhøyrse til fødde, utan medisinsk formål med diagnostiske eller behandlingmessige siktemål, bør verte tillate i Noreg.

- Elleve av rådets femten medlemmar meiner at genetiske undersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrse utan eit medisinsk formål bør kunne verte tillate med ei nedre aldersgrense tilsvarande helserettsleg alder (16 år), men medlemmane legg ulike avgrensingar til grunn for å kunne tillate.

- Åtte av dei elleve medlemmane meiner at forbodet mot genetiske laboratorieundersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrslar utan eit medisinsk formål bør verte oppheva.
- Tre av rådets elleve medlemmar meiner at det kan fastsetjast eit unntak frå dagens forbod slik at genetiske undersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrslar utan medisinsk formål kan verte gjennomført i samband med internasjonal toppidrett.

Alle dei elleve medlemmane meiner også at det ikkje bør ligge til det offentlege helsevesenet å finansiere slike testar.

- Fire av rådets femten medlemmar meiner at forbodet mot genetiske undersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrslar utan eit medisinsk formål og med diagnostisk eller behandlingssmessig siktemål bør verte oppretthaldt

2 Bakgrunn

Etter meir enn 20 år utan genetiske undersøkingar i samband med internasjonal toppidrett har mellom anna friidrettens øvste organ, World Athletics (WA), nyleg innført krav om at alle som skal konkurrere i kvinneklassa må gjennomføre ein genetisk test som kan påvise gen knytt til utvikling av testiklar og produksjon av testosteron, i samband med idrett ofte omtala som «kjønns testing». Målet for idretten er å gjere det enklare å identifisere personar som har vore gjennom mannleg pubertet og som kan ha ein prestasjonsmessig fordel, slik at dei som konkurrerer i kvinneklassa, konkurrerer under rettferdige vilkår. Testen er ein målretta gentest for å bekrefte fråvær av SRY-genet som sit på Y-kromosomet. Vert ikkje SRY-genet påvist i prøven konkluderer ein med at personen som vert testa er biologisk kvinne, medan personar som testar positivt på SRY-testen må gå gjennom ytterlegare medisinsk utgreiing før dei eventuelt får konkurrere i kvinneklassa igjen. I bioteknologilova blir slike genetiske testar omtala som «genetiske laboratorieundersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrslar», og denne typen genetisk testing utan medisinsk formål er etter § 5-1 c og § 5-2 forbode. Det gjer at norske idrettsutøvarar må reise til utlandet for å få gjennomført gentesten som nokre internasjonale idrettsorganisasjonar no krev.

2.1 Kort om SRY-genet og kjønnsutvikling.

SRY står for sex-determining region Y og er eit gen på Y-kromosomet som kodar for eit protein kalla testis-determining factor. Hjå eit foster med mannlege kjønnskromosom (46,XY-kromosom) vert SRY-genet aktivt om lag seks veker etter befrukting og fungerer som ein hovudbrytar som startar ein genetisk kaskade, der mange andre gen vert skrudd på eller av [1]. Prosessen påverkar dei tidlege kjønnskjermlane (gonadane), slik at dei utviklar seg til testiklar i staden for eggstokkar. Testiklane produserer hormon, mellom anna testosteron og AMH, som styrer den vidare utviklinga mot ein mannleg kropp [1].

Førekost av SRY-genet er ikkje alltid eintydig. Det finst variantar i SRY-genet som gjer at det mistar sin funksjon, eller variantar i andre gen involvert i reguleringa, som kan resultere i at personar med Y-kromosom utviklar ein kropp med til dømes kvinnelege ytre kjønnsorgan. Dette blir kalla variasjon i

kroppslig kjønnsutvikling, intersex, eller DSD (Differences of Sex Development). Eit døme på ein 46, XY DSD-tilstand er androgeninsensitivitetssyndrom (AIS), der individet har 46, XY og produksjon av mannlege kjønnsorgan, men som følgje av mutasjonar i androgenreseptor-genet har personen redusert sensitivitet for hormona [1]. Personar med AIS har gjerne kvinnelege ytre kjønnsorgan, men har ikkje livmor eller eggstokkar og vil ikkje få menstruasjon. Ved komplett AIS (CAIS) er kroppens celler heilt insensitive til testosteron. Ein annan DSD-tilstand er gonadal dysgenesi (Swyer-syndrom) som også har 46, XY, men der til dømes SRY-genet ikkje fungerer. Gonadane vil ikkje utvikle seg til testiklar og ikkje produsere testosteron. Personar med Swyer-syndrom utviklar kvinnetypiske ytre kjønnsorgan, livmor, livmorhals og eggleiar, men vil ikkje produsere kvinnelege hormon, og gonadane vil ikkje utvikle seg til eggstokkar. Det er difor mogleg at ein person med kvinneleg kjønnskarakteristikkar, og som alltid har identifisert seg som kvinne, har mannlege kjønnskromosom.

2.2 Kjønntesting i idrett

«Kjønntesting» i idrett kom for første gang i bruk på 1960-talet, då utøvarane måtte gå gjennom fysiske eller visuelle undersøkingar for å kunne delta i kvinneklassa. Målet med undersøkingane var å avdekke eventuelle menn som gav seg ut for å vera kvinner. Utover på 1960-talet blei undersøkingar basert på kromosomanalyser nytta, heilt fram til 1990-talet, då ein spesifikk gentest for å identifisere SRY-genet, som sit på Y-kromosomet, blei tatt i bruk [2].

Bestemming av kjønn basert på kromosomanalyser eller SRY-testing fekk utover 1990-talet kritikk for til dømes å klassifisere personar med 46, XY DSD, som oppfatta seg sjølv kvinner, som menn, og i 1992 avvika IAAF (i dag WA) obligatorisk kjønntesting på sine arrangement medan IOC på si side avvika testinga i 1999 [2]. OL i Atlanta i 1996 var den siste store meisterskapen der SRY-analysen var obligatorisk for å kunne stille i kvinneklassa i friidrett. Den gong var åtte av 3387 testar SRY-positive, sju av desse var kvinner med AIS, ein hadde 5-alfa-reduktasemangel og alle åtte fekk delta [2].

Høge testosteronnivå hjå kvinner, både høge nivå av kroppens eige (endogent) testosteron og ved tilførsel av eksogent testosteron (som til dømes ved doping), er prestasjonsfremmande [3, 4]. For å oppretthalde så rettferdige kvinneklasser som mogleg innan friidretten, byrja ein utover på 2000-talet med hormontesting for å identifisere utøvarar med unormalt høge testosteronnivå. Hormontesting blei ikkje systematisk gjort av alle utøvarar i kvinneklassa, men er inkludert i dopingprøver og har vorte gjort av utøvarar som er transpersonar eller med ei kjent 46, XY DSD-diagnose, eller av utøvarar der det har vore mistanke om ein mogleg ukjent 46, XY DSD-tilstand. Øvre grenseverdier for kor mykje testosteron utøvarane i kvinneklassa kan ha i blodet blei etablert. I 2011 blei ei øvre grense på 10 nmol/L tatt i bruk, i 2018 blei denne senka til 5 nmol/L og i 2023 senka World Athletics si grense for deltaking i kvinneklassa til 2.5 nmol/L [5]. Samtidig vedtok dei at transpersonar som var født som mann og har gjennomgått mannleg pubertet ikkje vil kunne kvalifisere seg til å konkurrere i kvinneklassa sjølv om dei har gått på testosteronreduserande behandling over tid. Omgrepet «mannleg pubertet» blir brukt av WA i omtale både av transpersonar som er fødd som menn, og personar med 46, XY DSD-tilstandar der kroppen delvis kan respondere på testosteronnivå og som derfor ikkje får delta i kvinneklassa.

I 2025 har WA (friidrett), World Boxing (boksing) og FIS (ski og snowboard) vedtatt å gå vekk frå testosterongrenser, samordne regelverket for transpersonar og intersexpersonar, og gjeninnføre genetisk testing med SRY-testen som ein screeningmetode for å identifisere personar som potensielt

har ein urettmessig fordel som følge av å ha gått gjennom mannleg pubertet [6]. SRY-testen er ein spesifikk genetisk test, som påviser eller ikkje påviser SRY-genet –som ein proxy for mannlege kjønnskromosom. Med ein SRY-test kan man også fange opp personar med mannlege kjønnskromosom som ikkje vil teste positivt på hormontestar. Dette gjeld til dømes transpersonar som tar kjønnsbekreftande hormonell behandling, eller personar med 46, XY DSD i hormonreduserande behandling. SRY-testen treng berre gjerast ein gong og vil vera gyldig for alle framtidige idrettsarrangement. Utøvarar med ein positiv SRY-test må gjennom vidare medisinsk utredning for å eventuelt kunne få konkurrere i kvinneklassa igjen [7].

Praksis for SRY-testing i friidrett og boksing i dag

Motivasjonen for å gjeninnføre SRY-testing i idrett er prinsippet om å kunne konkurrere på like vilkår. World Athletics uttaler at den genetiske SRY-testinga vert innført for å sikre at personar, både transpersonar og personar med 46,XY DSD, som har gått gjennom mannleg pubertet ikkje skal kunne konkurrere i kvinneklassa, og for å sikre at alle som konkurrerer i kvinneklassa oppfyller definerte fysiologiske kriterium. I følge sentrale personar i WA var det frå år 2000 og fram til 2023 mellom 50 og 60 friidrettsutøvarar med 46, XY DSD, og som hadde gjennomgått mannleg pubertet, som konkurrerte i finalar i kvinneklassa i større meisterskap. WA sine egne data viser også at personar med 46, XY DSD som har gått gjennom mannleg pubertet er overrepresentert i toppidrett, og at prevalensen av toppidrettsutøvar i kvinneklassa i internasjonale friidrett med ein 46, XY DSD-tilstand er 140 gonger høgare enn prevalensen i resten av populasjonen [3, 8]. Statistikken WA viser til gir eit tydeleg bilde på at fleire av 46, XY DSD-tilstandane er prestasjonsfremjande.

Alle utøvarar som skal gjennom SRY-screening får rettleiing om undersøkinga i forkant og gir informert samtykke. Ved ein positiv SRY-test, vil resultatet verte validert med ein ny test, og personen vil få tilbod om ytterlegare medisinsk utgreiing. Denne utgreiinga er nødvendig for eventuelt å kunne konkurrere i kvinneklassa igjen, og prosedyren er den same prosedyren WA har brukt dei siste 20 åra i tilfelle der utøvarar i kvinneklassa har fått påvist høge testosteronnivå, eller der det har vore mistanke om at utøvaren har gått gjennom ein mannleg pubertet. Den medisinske utgreiinga omfattar mellom anna MR eller ultralyd av bekkenet for å identifisere gonadar (eggstokkar eller interne testiklar) eller fråvær av livmor, og det vert tatt blodprøvar og gjort genetiske analysar for eventuelt å påvise kjende genvariantar som fører til DSD-tilstandar. Utøvarane får også tilbod om samtalar med psykolog. Gynekologisk undersøking er ikkje nødvendig for å avgjere om personen kan delta i kvinneklassa, men vert tilbydd for å kunne fastsetje ei mest mogleg presis diagnose. Når den medisinske og genetiske vurderinga er gjennomført vil ein anonymisert medisinsk journal verte sendt til ein uavhengig ekspert for ei ekstra fagleg vurdering.

For at utøvarar med ein positiv SRY-test skal kunne konkurrere i kvinneklassa må utredninga vise at utøvaren ikkje har gått gjennom mannleg pubertet, til dømes ved at utøvaren har diagnosen CAIS (fullstendig insensitivitet for mannlege hormon, og derfor ingen mannleg utvikling). Personar med andre 46, XY DSD-diagnosar, som AIS, eller 5 alfa-reduktasemangel vil etter det nye regelverket til WA ikkje kunne konkurrere i kvinneklassa.

World boxing har liknande prosedyrar som WA[9], men har frå 1. januar 2026 planar om å innføre genetisk SRY-testing av utøvarar både i kvinneklassa og herreklassa. Dette vert gjort for å likestille idrettsutøvarane, men også ut frå eit tryggleiksperspektiv. I boksing er det strenge klassekrav på vekt,

for å redusere risiko for utøvarane, og boksporten viser til utøvarane sin eigen tryggleik også når det kjem til SRY-testing av idrettsutøvarar. Hausten 2025 har FIS har vedtatt å utarbeide eit nytt regelverk som inkluderer SRY-testing av utøvarar i kvinneklasser i ski- og snowboardgreiner frå 2027, men lite informasjon om deira prosedyrar er tilgjengeleg på dette tidspunktet [10]. I 2021 publiserte IOC eit dokument kalla «The IOC Framework on Fairness, Inclusion, and Non-Discrimination on the Basis of Gender Identity and Sex Variations» som mellom anna tematiserer kvalifikasjonsprinsipp til kvinne og herreklasser. IOC sitt rammeverk fokuserer på at alle utøvarar, uavhengig av kjønnsidentitet eller variasjon i kroppsleg utvikling (som til dømes 46, XY DSD) må kunne utøve sin idrett i trygge rammer, utan noko form for trakassering eller førehandsdømming, og der deira behov og identitet blir anerkjent og respektert. Rammeverket legg til grunn at der kvalifikasjonsprinsipp til herre og kvinneklasser er nødvendig for å sikre ei rettferdig konkurranse, må dette vera basert på robust fagleg kunnskap, med respekt for menneskerettar, og etter konsultasjon (eller i samarbeid med) idrettsutøvarane sjølve [11]. Hausten 2025 har også IOC satt ned nye arbeidsgrupper som mellom anna skal sjå på regelverket og kvalifikasjonskriterier for deltaking i kvinneklasser.

Diskusjon i andre land

Å gjennomføre ein genetisk SRY-test utan eit medisinsk formål er så vidt Bioteknologirådet kjenner til berre ulovleg i to land i verda i dag, Noreg og Frankrike. Både i Noreg og i Frankrike har dette ført til diskusjon både rundt innføringa av SRY-testen i internasjonal idrett og rundt det nasjonale forbodet mot å gjennomføre testen. Sentrale personar både i det norske friidrettsforbundet, bokseforbundet og skiforbundet ønsker ei lovendring [12-14]. I Frankrike er også denne genetiske testen omdiskutert, men etter det Bioteknologirådet erfarer er det hausten 2025 ingen pågåande prosess for å endre lova der. Sekretariatet i *Nasjonal rådgivande etikkomité for biovitenskap og helse* i Frankrike (Comité consultatif national d'éthique pour les sciences de la vie et de la santé) seier at dei følgjer saka, men at det ikkje er oppe som ei sak i deira organisasjon [15]. Så vidt Bioteknologirådet har kunne klargjere har saka vore relativt lite diskutert i Sverige og Danmark, og det er heller ikkje ein problematikk Statens medicinsk-etiske råd i Sverige eller Det Etisk Råd i Danmark diskuterer. Genetisk testing i idrettssamheng har vorte tematisert av FN's spesialrapportør for vald mot kvinner og jenter, Reem Alsalem, som omtala det at [biologiske] menn deltar i kvinneklasser som ikkje rettferdig. I sin rapport om vald mot kvinner og jenter i sport skriv Spesialrapportøren at ein genetisk test for å bestemme kjønn kan vere ein akseptabel metode for å sikre tryggleik og rettferdigheit innan toppidrett[16].

2.3 Historia til forbodet

Allereie den første bioteknologilova slo fast at genetiske analysar berre kan nyttast til medisinske formål, med diagnostiske eller behandlingmessige siktemål. I dei første to åra etter at lova treidde i kraft herska det likevel tvil om kor vidt lova også regulerte genetisk testing av kjønnsstilhøyrslar av friske personar utanfor helsevesenet, som til dømes testing av idrettsutøvarar i kvinneklassa. Som følge av dette fremma departementet eit forslag med eit klart formulert forbod mot genetisk testing for å bestemme kjønnsstilhøyrslar i idrettssamheng (Ot.prp.nr.27 (1996–1997))[17].

I den første bioteknologilova var *genetiske undersøkelser etter fødselen* definert av paragrafar som dekkja dei same typane undersøkingar som er beskrive i dagens § 5-1 a og b. For å tydeleggjera

forbød ble det i 1996 foreslått å føye til ein ny bokstav i definisjonen av genetiske undersøkingar, det som er dagens § 5-1 c: *genetiske laboratorieundersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrslø, unntatt genetiske laboratorieundersøkingar for identifikasjonsformål*. Forslaget var ute på høyring, og dei fleste høyringsinstansar som svarte var positive til forslaget[17]. Avdeling for medisinsk genetikk ved Universitetet i Oslo meinte mellom anna i sitt høyringssvar at det var sterkt ønskeleg å få slutt på bruken av undersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrslø i samband med idrettskonkurransar, med bakgrunn i skadeverknadane eit uventa prøveresultat kunne få for ei kvinne som får beskjed om at ho har mannlege kjønnskromosom. Avdeling for medisinsk genetikk på Haukeland sjukehus, og Bioteknologinemda meinte at denne typen genetisk testing allereie var forbode i det originale lovverket, men støtta opp under forslaget for at det ikkje skulle oppstå tvil om at idrettens bruk av genetiske kjønnsstestar var omfatta av bioteknologilova. Norges Idrettsforbund var også positive til forslaget og skreiv at dei jobba aktivt mot praksisen i idrett, men samtidig støtta dei ikkje «umiddelbar ikrafttredelse» av lova ettersom praksisen framleis på dette tidspunktet var i bruk i utlandet, og at «umiddelbar ikrafttredelse» vil medføre ulemper for kvinnelege idrettsutøvarar som anten då måtte gjennom gynekologisk undersøking eller måtte reise til utlandet for å ta den påkravde testen. Sosialkomiteen på stortinget var einstemmige i innstillinga si om lovendringa, som tredde i kraft i 1997. Som merknad til innstillinga uttala dei mellom anna:

Komiteen mener at ved å fastslå at kjønnsstest er forbudt i Norge, er vi med å påvirke holdning og praksis innen den delen av idretten som fremdeles forlanger kjønnsstest av sine kvinnelige utøvere i en retning som vil kunne føre til avskaffelse av denne diskriminerende praksis. Komiteen vil også med dette støtte Norges Idrettsforbunds sitt arbeid i kampen mot kjønnsstester i idrettslig sammenheng. Komiteen er av den formening at kjønnsstest i idrettslig sammenheng er klart diskriminerende og har åpenbare betenkelige konsekvenser. I de tilfeller der jenter/kvinner tester positivt ved at undersøkelsen påviser et avvikende kjønnskromosommønster, frambringes det svært følsomme opplysninger som for de fleste vil føre til store påkjenninger.[18]

2.4 Gjeldande rett

Bruk av genetiske laboratorieundersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrslø i idrettssamanheng er forbode i dag som følge av § 5-1 c og § 5-2 i bioteknologilova.

Alle genetiske undersøkingar av fødde er regulert i bioteknologilova kapittel 5. Lova definerer genetiske undersøkingar i § 5-1 *Definisjon*:

Med genetiske undersøkelser menes i denne loven alle typer analyser av menneskets arvestoff, både på nukleinsyre- og kromosomnivå, av genprodukter og deres funksjon, eller organundersøkelser, som har til hensikt å gi informasjon om menneskets arveegenskaper.

Med genetiske undersøkelser av fødte menes i denne lov:

- a. *genetiske undersøkelser der formålet med undersøkelsen er å stille sykdomsdiagnose.*

- b. *genetiske presymptomatiske undersøkelser, genetiske prediktive undersøkelser og genetiske undersøkelser for å påvise eller utelukke bærertilstand for arvelige sykdommer som først viser seg i senere generasjoner.*
- c. *genetiske laboratorieundersøkelser for å bestemme kjønnsstilhørighet, unntatt genetiske laboratorieundersøkelser for identifikasjonsformål.*
- d. *genetiske undersøkelser der formålet er å få informasjon om en persons fysiske eller mentale egenskaper eller anlegg, personlighetstrekk o.l.*

I § 5-2. *Anvendelse av genetiske undersøkelser* slår lova fast at

Genetiske undersøkelser som nevnt i § 5-1 annet ledd bokstav a til c skal bare anvendes til medisinske formål med diagnostiske eller behandlingsmessige siktemål.

Genetisk testing for å bestemme kjønnsstilhørighet er altså definert som genetiske undersøkingar av § 5-1 c, og derfor frå § 5-2 berre lovleg dersom det vert anvendt til medisinske formål med diagnostiske eller behandlingsmessige siktemål. Dette kjem også tydeleg fram frå forarbeida både til paragrafar i den første bioteknologilova (Ot.prp.nr.27 (1996–1997)), Innst.O.nr.60 (1996–1997)) og andre bioteknologilova (Ot.prp.nr.64 (2002–2003)), som eksplisitt seier at eit av formåla med § 5-1 c er å forby genetisk bestemming av kjønnsstilhørighet i idrettssamanheng [17-19].

Dersom ein går inn for å tillate genetiske undersøkingar for å bestemme kjønnsstilhørighet kan anna relevant regulering vera bioteknologilova § 5-8 *Forbud mot bruk av genetiske opplysningar utanfor helse- og omsorgstjenesten* som forbyr «å be om, motta, besitte, eller bruke genetiske opplysningar om en annen person [...]», og som kan verte problematisk for norske arrangørar av større internasjonale idrettsarrangement innan idrettar der ein genetisk SRY-test er del av dei formelle krava for å kunne konkurrere.

I diskusjonar rundt ei mogleg lovendring som opnar for genetiske laboratorieundersøkingar for å bestemme kjønnsstilhørighet utan medisinsk formål er også bioteknologilova § 1-2 *Lovens virkeområde* relevant. Lova sitt virkeområde slår fast at «Loven gjelder humanmedisinsk bruk av bioteknologi [...]». Genetiske laboratorieundersøkingar for å bestemme kjønnsstilhørighet, utan eit medisinsk formål, vil vera ikkje-medisinske genetiske undersøkingar og ei potensiell regulering av desse undersøkingane kan kome i konflikt med lova sitt formål og virkeområde. Som del av evalueringa av bioteknologilova har rådet tidlegare uttalt seg om lova sitt formål og virkeområde, der eit samla råd meinte at lova sitt saklege virkeområde bør verte utvida til å omfatte også ikkje-medisinsk bruk av bioteknologi på menneske utanfor helsetenestene [20].

Etter *lov om endring av juridisk kjønn* har alle personar som er busett i Noreg rett til å endre sitt juridiske kjønn, og det er det juridiske kjønn som skal ligge til grunn i bruk av alle andre lover og forskrifter. Resultatet frå ein genetisk SRY-test vil derfor ikkje ha noko innverknad på ein person sitt juridiske kjønn.

Lov om likestilling og forbod mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven) gjer det klart at diskriminering på grunn av kjønn [...], kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, [...] eller kombinasjonar av desse er forbode.

3 Bioteknologirådet sine vurderingar og tilrådingar

Nyleg har fleire internasjonale idrettsforbund innført, eller planlegg å innføre, eit krav om SRY-testing av idrettsutøvarar som ønsker å stille i kvinneklassa i større konkurransar og meisterskap.

Undersøkinga er ein genetisk test som påviser SRY-genet som normalt sit på Y-kromosomet. Etter dagens regelverk er genetiske laboratorieundersøkingar utan eit medisinsk formål ikkje lovleg i Noreg, og utøvarane må derfor reise til utlandet for å få gjennomført testen. Norske idrettsforbund, og deira legar eller støttepersonell, kan heller ikkje frå Noreg legge til rette for at utøvarane kan gjera genetisk testing i utlandet, ettersom tilrettelegging av denne typen genetisk testing i utlandet er forbode.

Genetiske laboratorieundersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrse vil kunne verte eit krav for mange norske idrettsutøvarar for å kunne delta i større internasjonale konkuransar i åra framover. I ein diskusjon om korleis desse testane skal vere regulert må ein derfor også ta høgde for at denne typen genetisk testing kan verte aktuelt for mange fleire enn i dag, dersom det til dømes vert innført på eit lågare konkurransenivå internasjonalt og til dømes i juniormeisterskap.

Trass i at bakgrunnen for denne diskusjonen er innføringa av ein obligatorisk SRY-test i idrett, så er diskusjonen større enn berre ein spørsmålet om norske toppidrettsutøvar bør kunne verte testa i Noreg. Ei opning for at genetisk bestemming av kjønn skal vere lovleg vil representere eit tydeleg brot med tidlegare lovgiving, som berre tillèt genetisk testing av fødde innanfor helsevesenet og til eit medisinsk formål.

Bioteknologirådet har tidlegare gått inn for å utvide lova sitt saklege verkeområde til også å omfatte ikkje-medisinsk bruk av bioteknologi på menneske utanfor helsetenestene. Ei endring av verkeområde kan vere gunstig, uavhengig av om lova si reguleringa av genetiske undersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrse vert endra eller ikkje, slik at lova klarare kan heimle ei tillating eller eit forbod av ikkje-medisinsk genetiske laboratorieundersøkingar.

Bioteknologirådet vurderer i denne fråsegna bioteknologilova § 5-1 c og § 5-2, og i kva grad bruk av genetiske laboratorieundersøkingar for å fastslå kjønnsstilhøyrse til fødde utan eit medisinsk formål med diagnostiske eller behandlingmessige siktemål, bør verte tillate i Noreg.

Bioteknologirådet går ikkje inn i vurderingar rundt kva som bør vera kvalifikasjonsprinsipp for å delta i kvinneklasser i idrett, eller om innføringa av SRY-testing i internasjonal toppidrett er riktig eller ikkje.

Den typen genetisk informasjon som vert avdekka ved å gjennomføre ein SRY-test gir først og fremst informasjon om to utviklingsmessige aspekt: i kva grad utviklinga frå fosterlivet og gjennom puberteten vil vere påverka av testosteron, og den einskilde sin fertilitet. Desse aspekta kan ha store konsekvensar for den enkelte, og er nært knytt til spørsmål om kjønnsidentitet. Svaret frå ein SRY-test gir slik ikkje eit svar på kva ei «kvinne» eller ein «mann» er. Det slike testar kan gi et svar på er om spesifikke genetiske variantar er til stades.

Bioteknologirådet påpeikar at alle aktørar involvert i genetisk testing har eit betydeleg ansvar for å opprette og følge sikre rutinar for handsaming av genetiske data, inkludert rutinar for personvern og sletting av data.

Bør genetiske undersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrsløve verte tillate?

Argumentasjon for å behalde forbodet som i dag.

Ei lovendring som opnar for genetiske laboratorieundersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrsløve utan medisinsk formål kan sjåast som ei større prinsipiell endring som vil bryte med eit grunnleggjande prinsipp i norsk lovgiving for genetiske undersøkingar av fødde. Etter dagens bioteknologilov skal genetiske undersøkingar berre nyttast i helsetenesta, og til medisinske formål, og slik bør det også vera i framtida. Eit internasjonalt krav om SRY-testing for deltaking i idrett er i seg sjølv ikkje viktig nok til å flytte grensa for kva type genetiske undersøkingar som bør vera lov i Noreg.

Ved å krysse denne grensa med til dømes SRY-testing i idrett, kan det opne for diskusjonar rundt å tillate andre typar genetiske testar utan eit medisinsk formål. Førespurnader kan til dømes kome frå idretten i form av genetiske testar for enkeltvariantar av andre gen som er prestasjonsfremjande, men som ikkje er relatert til kjønn. Det kan og gjelde genetiske testar som gir informasjon om ein person sine fysiske eller mentale eigenskapar eller anlegg i andre samanhengar enn idrett.

Bruk av genetisk testing, utan at det skjer etter personens eige ønske er etisk problematisk. Sjølv om utøvarane gjennomfører gentesting først etter å ha signert eit informert samtykke, så kan ein argumentere for at situasjonen dei står i ikkje er utan press. Deira framtidige idrettskarriere vil vera avhengig av at dei gjennomfører testen, og av kva resultatet frå testen blir.

Dersom genetiske laboratorieundersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrsløve vert tillate utan at det er strengt regulert, kan testing verte innført i samband også med andre konkurransar og formål enn berre til kvalifikasjon i internasjonal toppidrett. Dette kan til dømes opne for testing i nasjonale konkurransar på eit lågare nivå enn dei internasjonale krava i dag, eller i junioridrett, og medføre at langt fleire utøvarar vil gjennomgå testing samanlikna med om testane må gjerast i utlandet som i dag.

Eit syn er at dei relevante fagmiljøa i helsevesenet bør bruke ressursane sine, både økonomiske ressursar og personell, på å gi helsehjelp framfor å utføre SRY-testar av idrettsutøvarar. Det er uavklart kven som skal gjennomføre desse testane reint praktisk og korleis det skal finansierast.

Mykje av argumentasjonen som blei fremja då forbodet mot genetiske laboratorieundersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrsløve blei spesifisert i lova, er framleis relevante i dag. For personar som fysisk har kvinnelege kjønnskarakteristikkar og alltid har identifisert seg som kvinne, kan det vera ein vanskeleg beskjed å få, at ein har mannlege kjønnskromosom. Å legge til rette for eit system som krevjar ein genetisk test for å bevise at dei ikkje har mannleg kjønnskromosom er etisk problematisk, spesielt når kjønnskromosoma åleine ikkje er avgjerande for om personen vil ha ein prestasjonsmessig fordel eller ikkje. Ei vurdering er at belastninga eit positivt prøvesvar vil ha for personane det gjeld, gjer denne typen genetisk testing etisk uakseptabel, og at dette åleine er grunn nok til ikkje å tillate genetiske laboratorieundersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrsløve utan eit medisinsk formål.

At internasjonal praksis rundt SRY-testing på visse større idrettsarrangement no har endra seg, bør ikkje i seg sjølv påverke korleis norsk lov er utforma, og kva som burde vera tillate. Då forbodet blei innført i lova, var eit av måla å bidra til å få slutt på praksisen med «genetisk testing av kjønnsstilhøyrsløve» i idrett. Forbodet tredde i kraft før denne praksisen var avvika internasjonalt, og representerte slik eit prinsipielt standpunkt.

Argumentasjon for å fjerne forbudet

For norske idrettsutøvarar som uansett må gjennomføre SRY-testing for å konkurrere internasjonalt, uavhengig av kva norsk lovgiving seier, vil det vere betre at testen vert gjort i Noreg med hjelp frå eige støttepersonell. Ved å utføre den genetiske testinga i Noreg kan ein bidra til å sikre at utøvarane får god medisinsk rettleiing før og etter ein test, og ein kan bidra til å sikre rettane til utøvarane.

Innføringa av SRY-testing i idrett er motivert av eit ønske om å sikre rettferdige vilkår i kvinneklassa. Det er i dag innført strenge reglar for kven som kan konkurrere i kvinneklassa, og bruken av SRY-testing vil bidra til at alle som deltar i kvinneklassa konkurrerer på like vilkår. Ein fordel med SRY-testen som eit screeningverktøy er at den enklare identifiserer utøvarar som potensielt kan ha ein konkurransefordel og ikkje oppfyller kriteria i kvinneklassa, og at testen berre trengs å gjennomførast ei gong i karrieren. Dette kan både vere personar som bevisst prøver å omgå regelverket (transpersonar og intersexpersonar på hormonreduserande behandling), og utøvarar som ikkje sjølv veit dei er 46, XY DSD.

Ein SRY-test i regi av eit nasjonalt forbund, tidleg i idrettskarrieren, vil kunne vera fordelaktig framfor å først få beskjeden etter genetisk testing i utlandet seinare i karrieren, eller i forkant av eit større internasjonalt meisterskap. Det å få påvist 46, XY DSD som følgje av ein SRY-test kan og vere eit gode for den utøvaren det gjeld. Dei fleste personar med 46, XY DSD får diagnostisert dette ved fødsel, eller i tenåra som følgje av manglande eller forseinka pubertet. Trass i at diagnosen kan vera livsomvendande, kan det å få diagnosen så tidleg som mogleg vere nyttig for den det gjeld, og mogleggjera vidare oppfølging seinare i livet.

SRY-testen er ein målretta genetisk test med svært avgrensa informasjonsinnhald. Å tillate denne typen genetisk testing utan eit medisinsk formål kan derfor sjåast som mindre problematisk enn andre typar genetiske undersøkingar der fleire gen vert testa og ein kan få informasjon om slektskap, eller predisposisjon for å utvikle sjukdom.

Å fjerne forbudet mot genetiske undersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrslø utan medisinsk formål vil ikkje ha store samfunnsmessige konsekvensar utover bruken av resultata i kvalifikasjonsreglar i sport. I det norske samfunnet generelt vil det juridiske kjønnet til ein person ligge til grunn, og eit resultat frå ein slik genetisk test vil ikkje endre ein person sitt juridiske kjønn med mindre personen ønsker det.

Dersom ein ønsker å opne for genetiske laboratorieundersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrslø i Noreg, men samtidig vil avgrense kven som skal få tilgang, kan ein legge vilkår til grunn både for kven som skal få tilgang, krav om genetisk rettleiing og til dømes om det bør vere ei nedre aldersgrense eller avgrensing til type arrangement. Bioteknologirådet har tidlegare argumentert for at bioteknologilova sitt verkeområde bør utvidast til også å inkludere ikkje-medisinsk bruk av bioteknologi, noko som kan gjera det lettare å lage eit tydeleg regelverk rundt genetiske undersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrslø.

Bioteknologirådet sine tilrådingar:

Åtte av dei femten medlemene i Bioteknologirådet, medlemene Marianne Aasen, Mathias Barra, Trygve Brautaset, Bushra Ishaq, Håvard Sletta, Kari Sønderland, Ida Wiig Sørensen, og Karl

Harald Søvig meiner at genetiske undersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrse utan eit medisinsk formål bør verte tillate.

Medlemene meiner at det i overvegande er eit gode for personar som ønsker slik informasjon å få tilgang til kunnskap om sin eigen kropp og helse. Medlemene meiner at slike genetiske undersøkingar berre skal vere tillate for personar som er nådd helserettsleg alder (16 år). Medlemene meiner også at genetisk testing utan eit medisinsk formål ikkje skal verte finansiert av den offentlege helsetenesta.

Tre medlemar, Anne Ingeborg Myhr, Kristin Solum Steinsbekk og Geir Sverre Braut meiner at det kan fastsettast eit unntak frå dagens forbod i bioteknologilova slik at genetiske undersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrse utan medisinsk formål kan verte gjennomført i samband med internasjonal toppidrett.

Desse medlemene grunngjev dette fråviket frå hovudprinsippet i lova med at formålet for undersøkingane har ei tydeleg avgrensing. Fråviket opnar for deltaking i internasjonal kvinneidrett der genetiske laboratorieundersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrse er påkravd. Ved å tillate testing i Noreg sikrar ein at dei som får utslag på testen blir følgde opp av norsk støtteapparat. Desse medlemene legg til grunn at testinga berre vert lovleg for personar over helserettsleg alder (16 år), etter gyldig samtykke. Medlemene meiner også at genetisk testing utan eit medisinsk formål ikkje skal verte finansiert av den offentlege helsetenesta.

Fire medlemar, Solveig Marianne Nordhov, Gaute Lenvik, Synne Lerhol og Hans Ivar Hanevik meiner at forbodet mot genetiske undersøkingar for å bestemme kjønnsstilhøyrse utan medisinsk formål skal verte oppretthaldt.

Det er mange gode grunnar til at genetiske undersøkingar er strengt regulert, og at dei som hovudregel skal verte brukt til medisinske formål. Nokre av desse er at testane er definitive, prinsippet om ei open framtid og retten til å ikkje vite. Medlemene meiner at argumenta for å oppheve forbodet i samband med idrettsutøving ikkje er sterke nok til å sette denne reguleringa til side. Vidare skal personar som blir bedt om samtykke til genetisk testing stå fritt i valet, og det er dermed problematisk at nokre idrettsforbund krevjar genetisk testing for å delta i visse konkurransar. Medlemene vektlegg også belastninga den aktuelle testen kan gi for dei personane som får eit uventa prøvesvar.

Med vennleg helsing

Marianne Aasen
Leiar

Petter Frost
Direktør

Sakshandsamar: Svein Isungset Støve

Kjeldeliste

1. Sandberg, D.E. and M. Gardner, *Differences/Disorders of Sex Development: Medical Conditions at the Intersection of Sex and Gender*. Annu Rev Clin Psychol, 2022. **18**: p. 201-231.
2. A. Ljungqvist, et al., *The history and current policies on gender testing in elite athletes*. International SportMed Journal, 2006. **7**(3): p. 225-230.
3. Bermon, S., et al., *Serum androgen levels in elite female athletes*. J Clin Endocrinol Metab, 2014. **99**(11): p. 4328-35.
4. Hirschberg, A.L., *Female hyperandrogenism and elite sport*. Endocr Connect, 2020. **9**(4): p. R81-R92.
5. Bowman-Smart, H., et al., *World Athletics regulations unfairly affect female athletes with differences in sex development*. J Philos Sport, 2024. **51**(1): p. 29-53.
6. Wise, J., *What is the SRY gene test, and should it be used to test female athletes?* BMJ, 2025. **390**: p. r1698.
7. World Athletics *Eligibility rules*. 2025.
8. World Athletics *Briefing notes and Q&A on Female Eligibility Regulations*. 2019.
9. Boxing, W. *Sex Eligibility Policy*. 2025 20.08.2025; Available from: https://worldboxing.org/wp-content/uploads/2025/08/World-Boxing-Sex-Eligibility-Policy_FINAL_20Aug25.pdf.
10. FIS. *FIS Council approves additional measures to further strengthen athlete safety*. 2025; Available from: <https://www.fis-ski.com/inside-fis/news/2025-26/fis-council-approves-additional-measures-to-further-strengthen-athlete-safety>.
11. International Olympic Committee. *IOC Framework Fairness Inclusion Non-Discrimination on Basis Gender Identity Sex Variations*. 2021; Available from: https://www.olympics.com/ioc/documents/athletes/ioc-framework-on-fairness-inclusion-and-non-discrimination-on-the-basis-of-gender-identity-and-sex-variations?utm_source=chatgpt.com.
12. Norges Friidrettsforbund, *Personlig kommunikasjon med Sekretariatet i Bioteknologirådet på telefon*. 27.10.2025.
13. Norges Bokseforbund, *Personleg kommunikasjon med Sekretariatet i Bioteknologirådet på telefon*. 20.11.2025.
14. Norges skiforbund, *Personleg kommunikasjon med Sekretariatet i Bioteknologirådet på telefon*. 24.11.2025.
15. Comité consultatif national d'éthique pour les sciences de la vie et de la santé, *Personleg kommunikasjon med Sekretariatet i Bioteknologirådet på epost*. 19.11.2025.
16. UN Special Rapporteur on violence against women and girls its causes and consequences, *A/79/325 Violence against women and girls in sports*. 2024.
17. Sosial- og helsedepartementet, *Ot.prp.nr.27 (1996–1997) Om lov om endringer i lov om medisinsk bruk av bioteknologi (forbud mot genetisk testing av kjønnsstilhørighet for annet enn medisinske formål*. 1997.
18. Sosialkomiteen, *Innst. O. nr. 60 (1996–1997) Innstilling fra sosialkomiteen om lov om endringer i lov om medisinsk bruk av bioteknologi (forbud mot genetisk testing av kjønnsstilhørighet for annet enn medisinske formål*. 1997.
19. Helsedepartementet, *Ot.prp.nr.64 (2002–2003) Om lov om medisinsk bruk av bioteknologi m.m. (bioteknologiloven*. 2003.
20. Bioteknologirådet. *Bioteknologilova, formål og verkeområde for bioteknologilova*. 2025; Available from: https://www.bioteknologiradet.no/filarkiv/2025/05/Bioteknologiradets-uttalelse-om-bioteknologilovens-formalsparagraf-og-virkeomrade.UU_.pdf.